

S O G N O G F J O R D A N E T E A T E R

JOSTEDALSRYPA

- EIN EVENTYRMUSIKAL



Soft

Sogn og Fjordane Teater

KJÆRE PUBLIKUM

Denne dagen har eg venta på i over fire år. Endeleg er vi klar til å invitere heile familien inn i teateret for å oppleve denne eventyr-musikalen som har urpremière på Sogn og Fjordane Teater. Ein poetisk vakker tekst og fantastisk musikk. Eventyrlege karakterar, ei spanande handling med eit innhald som kan gje oss eit lite lys om håp og glede i mørketida.

For å sitere ei ung jente: «*Det handlar om å våge å vere åleine og å oppdage at ein ikkje er det likevel, om du ser deg litt rundt.*»
Vinteren har kanskje vore kald og full av farar, men våren kjem alltid.

Set dykk godt til rette i stolen, ta imot eit strålende ensemble og orkester og bli med oss inn i vår versjon av «Jostedalsrypa».

Eg ynskjer dykk alle, store og små, ei retteleg god teateroppleving.



Bodil Kvamme

Bodil Kvamme
Teatersjef

TURNÉPLAN

- 7. november kl 18.00 **FØRDEHUSET - Urpremière**
- 9. november kl 18.00 **HØYANGERHALLEN**
- 12. november kl 18.00 **DALE, FJALERHALLEN**
- 13. november kl 18.00 **DALE, FJALERHALLEN**
- 14. november kl 18.00 **KULTURHUSET TRIVSELSHAGEN**
- 15. november kl 18.00 **STRYN KULTURHUS**
- 16. november kl 18.00 **OPERAHUSET NORDFJORD**
- 19. november kl 18.00 **ASKVOLLHALLEN**
- 21. november kl 18.00 **NORDFJORDHALLEN**
- 22. november kl 18.00 **HAUGE, BREMANGERHALLEN**
- 23. november kl 18.00 **FLORA SAMFUNNSHUS**
- 26. november kl 18.00 **VIK, BLIXHALLI**
- 28. november kl 18.00 **KNARVIK, NORDHORDLANDSHALLEN**
- 29. november kl 18.00 **SOLUND IDRETTSBYGG**
- 30. november kl 18.00 **HYLLESTADHALLEN**
- 3. desember kl 18.00 **ÅRDAL KULTURHUS**
- 4. desember kl 18.00 **AURLAND IDRETTS- OG SAMFUNNSHUS**
- 5. desember kl 18.00 **SOGNDAL KULTURHUS**
- 6. desember kl 12.00 **SOGNDAL KULTURHUS**
- 7. desember kl 14.00 og kl 18.00 **FØRDEHUSET**
- 8. desember kl 14.00 og kl 18.00 **FØRDEHUSET**



JOSTEDALSRYPA


- EIN EVENTYRMUSIKAL

AV MARIA TRYTI VENNERØD OG JULIAN SKAR



I Sogn og Fjordane er vi godt kjende med segna om Jostedalsrypa. Jenta overlever Svartedauden som tar livet av meir enn annankvar nordmann midt på 1300-talet. Heilt åleine må ho klare seg gjennom vinteren, og innan ho blir funnen neste vår, er ho blitt skjerr som eit vilt dyr. Korleis overlever ho? Og kvar tar ho motet ifrå?

Eventyrmusikalen Jostedalsrypa er inspirert av segna, men tar oss med vidare inn i ei eventyrleg og magisk musikalsk verd. Den heltemodige jenta Rypa ber forteljinga på dei spinkle skuldrene sine, og det heile er pakka inn i melodiose poplåtar som publikum garantert kjem til å nynne på når det går ut døra. Jostedalsrypa er Norges svar på Jungelboka. Musikalen handlar om korleis ei jente finn motet og kreftene til å overleve utan andre menneske gjennom ein lang og kald vinter. I den mørkaste timen, når ho trur at ho er heilt åleine, viser det seg at ho har vener som ho ikkje visste om.






RYPA

Rypa er heltinna i eventyrmusikalen. Ho må leve åleine ein heil vinter, omgitt av dyr og spøkelse og kulde og mørke. Når ho er iskald og livredd og trur ho må døy, blir ho kjent med venner og krefter som ho ikkje ante at fanst.

PAPPA

Pappa er den som Rypa er aller mest glad i, men han må senda Rypa opp til slektningane i dalen fordi pesten er på veg.



ONKEL, TANTE OG GULLUNGEN

Dette er dei fæle og grådige slektningane oppe i dalen. Dei vil passe på Rypa berre viss dei sjølve bli rike av det.



TIPPOLDE

Snille, gamle, krokete Tippolde lovar å passa på Rypa uansett kva som skjer, og uansett om Tippolde sjølv skal døy snart.



DAUINGANE

Når Onkel, Tante og Gullungen døyr, nektar dei å bli med Hjorten til Det Magiske Landet. Dei klamrar seg fast til stovene på tunet og ropar på Rypa om nettene.



HJORTEN

Hjorten er eit magisk vesen, han er skogens prins. Han rir dei døde over til eit magisk land.



HAREN

Haren er skogens luring. Han får hjelp av Rypa og gir Rypa mat tilbake, men han har også ein stor plan som han vil ha Rypa med på.



ULVEN

Ulven er den farlege fyren som alle fryktar. Først skremmer han Rypa, men når Rypa får eld, så forandrar ting seg.



LEMENA

Lemena er smågnagarane i skogen, dei er både redde og rampete og tøffe og usikre, og dei er kompisane til haren



FV: Miriam Bergset, Stig Harald Rennestraum, Kåre Sandvik, Matias Monsen, Arne Toivo Fjose Sandberg



JOSTEDALSRYPA

AV MARIA TRYTI VENNERØD
OG JULIAN SKAR

REGISSØR **TORKIL SANDSUND**
MUSIKALSK LEIAR **KÅRE SANDVIK**
SCENOGRAF OG DOKKEDESIGNAR **TORMOD LINDGREN**
KOSTYME- OG DOKKEDESIGNAR **DORDI STRØM**
LYSDESIGNAR **KRYSTIAN MYSKA**
DUKKEMAKAR **KARI NOREGER**
MASKØR OG PARYKKMAKAR **TONJE LIE**
KOREOGRAF **JON WEREDE HOPE**
DRAMATURG **BODIL KVAMME**
LYD **ROBERT TOMKIEWICZ**

MEDVERKANDE

RYPA **REIDUN MELVÆR BERGE**
TIPPOLDE, LEMEN **IDUN LOSNEGÅRD**
ULVEN, ONKEL, LEMEN **KYRRE EIKÅS OTTERSEN**
TANTE, HJORT, LEMEN **EIRIK RISHOLM VELLE**
HAREN, GULLUNGEN, LEMEN **ODA KIRKEBØ NYFLØTT**
PAPPA, LEMEN **PER ARNE LØSET**


ORKESTER

TANGENTAR **KÅRE SANDVIK**
SLAGVERK **STIG RENNESTRAUM**
BASS **MATIAS MONSEN**
CELLO **ARNE TOIVO SANDBERG**
FIOLIN **MIRIAM BERGSET**

INSPISIENT **CHARLOTTE PRYDZ OTTESEN**
KOSTYMEKOORDINATOR **REBECCA DAHLE**
REKVISITØR **SYNNØVE RINGDAL**
VERKSTADER: **REBECCA DAHLE, SAKIBA ARNAUTOVIC, ANNA WINGÅRD, ANETTE DANIELSEN, ANETTE EIDE RØSANDHAUG, YLVA LOVISE BOLKAN, INGVILD FJELDSTAD, CATRINE VAGSTAD, SYNNØVE RINGDAL, KJELL FUREVIK, ODD MAGNE HERLAND, JAN TJØNNELAND**

Takk til **Dramatikkar.s hus**





KVISKRA GJENNOM VEGGEN

*kviskra gjennom veggen
synga gjennom veggen
gjennom tid og rom*

*kjenna gjennom tida
håpa gjennom tida
du finst der, bakom*

REF.
*vi møtest att
bak tid og rom
tid og rom
du finst der bakom
der finst ein stad
bortanfor lyset
bakanfor natta
eit hemmeleg
magisk land*

*håpa gjennom natta
lysa gjennom natta
hugsa tinga som*

REF.
*som framleis finst
bak tid og rom
tid og rom
alt finst der bakom*

*eg trur det finst
bortanfor lyset
bakanfor natta
eit hemmeleg
magisk land*

*så lenge der finst lys
finst der lys
så lenge der finst lys
der finst lys*

*så lenge der finst håp
finst der håp
så lenge der finst håp
der finst håp*

REF.
*vi møtest att
bak tid og rom
tid og rom
du finst der bakom
der finst ein stad
bortanfor lyset
bakanfor natta
eit hemmeleg
magisk land*

BILLETAR: www.softeater.no
GRUPPESAL: tlf 909 90 600

FØLG OSS PÅ:    
*med atterhald om endringar

2019 / Univerket • Foto: David Zadig • Illustrasjonar: Dordi Strøm • Trykk: Natvik

Soft
Sogn og Fjordane Teater